



Jakob Valle
Spjotøyvegen 347
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3814 - 17/7451

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
07.03.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 83/1 Spjotøy

Kommunen har motteke uttale frå Hordaland fylkeskommune den 20.02.17. Uttalen er vedlagt dette svarbrevet.

I uttalen rår fylkeskommunen ifrå at det vert gjeve dispensasjon i det omfang det er søkt om. I vurderinga går det likevel fram at delar av tiltaket kan godkjennast.

Vi ber dykk difor om å gå gjennom uttalen frå fylkeskommunen og gjere endringar i søknaden slik at tiltaket vert i tråd med tilrådinga som ligg føre.

Dersom søknaden ikkje vert endra vil kommunen anten fatte vedtak om å avslå søknad om dispensasjon eller eventuelt vurdere å godkjenne delar av søknaden. Avgrensing vil då bli gjort etter kommunen sitt skjøn om kva som kan godkjennast.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Reviderte teikningar der endra søknadsomfang går klårt fram.
2. Følgjebrev med informasjon om kva vurderingar de har gjort for å revidere søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 31.03.17**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:



Vedlegg:

Uttale - Dispensasjon for oppføring og riving av naust samt kaiområde - Gnr 83/1 Spjotøy

Mottakrar:

Jakob Valle

Spjotøyvegen 347 5955

LINDÅS